



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/836 - 23/32525

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
29.04.2023

Forberedende klagebehandling - gbnr 40/112 Hodneland

Saka gjeld

Den 14.04.2023 søkte tiltakshavar om forlengta frist på løyve til oppføring av naust, med igangsettingsløyve datert 11.06.2020. Alver kommune avviste søknad om utvida frist med visning til pbl.§21-9, og vurderte at dette var ei prosessuell avgjerd.

Tiltakshavar klaga så på avvisinga om utvida frist på løyvet, datert 18.04.2023. Alver kommune avviste denne klaga den 25.04.2023, ettersom det ikkje var vurdert at det var klagerett på dette vedtaket, jf. fvl.§28.

Det er no klaga på avvising datert 25.04.2023. Det er denne som vert tatt til handsaming her. Viser til at klaga har samanheng med tidlegare historikk i sak. Isolert sett er det jamvel klaga på avvisingsvedtak datert 25.04.2023. Sjå vedlegg.

Vurdering

Avvising datert 25.04.2023 er grunngjeve med at det vart klaga på vedtak datert 18.04.2023, som kommunen vurderte ikkje var klagerett på.

Alver kommune kan ikkje sjå at det har kome inn nye moment i klagen som tilseier ei anna vurdering i saka enn den som ligg til grunn for vårt vedtak datert 25.04.2023.

Vedlagt følgjer opphavleg løyve til dispensasjon og rammeløyve, løyve til igangsetting, samt søknad om utvida frist på vedtak og avvisingsvedtak etter dette.

Klagen vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Venleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER